

*Plan for forvaltning av samlinger, formidling og strategi for  
Bø museum 2025-2030*



*Innhald:*

<i>Plan for forvaltning av samlingar, formidling og strategi for Bø museum 2024-2030.....</i>	<i>1</i>
<i>Innleiing - Bø museum, - historikk, formål og forankring.....</i>	<i>3</i>
<i>Overordna målsetjingar og samfunnsoppdrag.....</i>	<i>4</i>
<i>Bygningsvern.....</i>	<i>5</i>
<i>Bø museum si bygningsmasse.....</i>	<i>6</i>
<i>Formidling.....</i>	<i>7</i>
<i>Museet og målgrupper, ein møteplass for folk i Bø og heile Telemark sidan 1977.....</i>	<i>8</i>
<i>Økonomi, faste og frivillige ressursar.....</i>	<i>10</i>
<i>Pågåande og framtidige prosjekt .....</i>	<i>11</i>
<i>Digitalisering av filmsamling etter Gunhild og Birger Kinck .....</i>	<i>11</i>
<i>Utbetring av magasinløysingar for Bø museum sine samlingar .....</i>	<i>11</i>
<i>Avklaring og framtid for Lien Oksestasjon .....</i>	<i>12</i>
<i>Avvikling Østerli .....</i>	<i>12</i>
<i>De kulturhistoriske samlingane ved Bø museum.....</i>	<i>13</i>
<i>Gjenstandssamlingane.....</i>	<i>13</i>
<i>Fotosamlingane .....</i>	<i>14</i>
<i>Privatarkiv.....</i>	<i>14</i>
<i>Bø museum si fagboksamling .....</i>	<i>15</i>
<i>Samlingsutvikling og innsamling.....</i>	<i>16</i>
<i>Om aktiv og passiv innsamling.....</i>	<i>16</i>
<i>Rutinar knytt til innsamling, avhending og inntaksarbeid .....</i>	<i>16</i>
<i>Fysisk og digital bevaring, preventiv konservering og realistisk framdrift knytt til Bø museum si samlingsforvaltning.....</i>	<i>18</i>
<i>Tilgang til og formidling av samlingane.....</i>	<i>18</i>
<i>Forskning og eventuelt forskingsførebuande arbeid og formidling .....</i>	<i>19</i>
<i>Litteratur og kjelder.....</i>	<i>20</i>



Postkort frå Bø museum sine samlingar. Foto: ukjent, Bø museum

## **Innleiing - Bø museum, - historikk, formål og forankring**

Bø museum er eit regionalt museum danna september 1977. Museet var tidleg tufta på eit samarbeid mellom Bø kommune, Bø ungdomslag, Bø bondekvinnelag, Bø historielag, Bø mållag, Spelemannslaget Bøheringen og Telemark distriktshøgskule. I byrjinga og fram til og med året 1999 heitte museet Bø bygdemuseum, før det i år 2000 skifta namn til Bø museum. Frå 1981 kunne publikum takast imot ved museet og frå 1982 hadde museet fast opningstid.

Etter skipinga i 1977 utvikla museet seg etter kvart til å bli det som tidlegare vart omtalt som halvstatleg finansiert museum, med eigen tilsett museumsleiar (fagkompetanse) og sidan har ulike samarbeid og finansieringsformer prega utviklinga til museet.

Bø museum var i perioden 01.01.2003 - 31.12.2015 ein del av Telemark Museum og i perioden hadde Telemark Museum driftsansvaret for Bø museum. Etter dette har museet i hovudsak vore drifta med utgangspunkt i kommunale ressursar og ulike søknadsmidlar, og har sidan skipinga på 1970 talet hatt stor glede av stort engasjement frå lokal frivilligheit.

Bø museum blir drifta som sjølvstendig museum, men inngår i samarbeidet Midt-Telemark Museumslag. Museet skal jmf. vedtektene i museet: «Ta vare på bygningar, gjenstandar og annan tradisjon som er særmerkt for tradisjon i Bø, og drive museumsverksemd, samle, sikre dokumentasjon, drive formidling og utvikla ny kunnskap gjennom forskning». Det er Bø museum sitt styre, leia av styreleiar, som har økonomisk og formelt ansvar for forsvarleg drift av museet. Tilsett museumsstyrar/konservator har fagleg ansvar for dagleg drift (Sjå vedtekter, Bø museum §1 og 4).

Bø museum starta tidleg med innsamling knytt til folkemusikk, folkedrakt og tradisjonskunst, og har på bakgrunn av dette store samlingar knytt til tematikken. I tillegg har museet sidan etableringa vore møteplass for utøving av folkemusikk og immateriell kulturarv, og samlingsporteføljen utgjer i dag viktige nasjonale samlingar av betydning.

Bø museum sitt faglege og utførande arbeid er i dag forankra i ICOMs museumsetiske regelverk. Retningslinjene fastset minstestandardar for museum og museumsmedarbeidarars praksis og yrkesfaglege åtferd, og med konkretiserte retningslinjer vedtatt under årsmøta i 2021, vart dokumentet «Ope, inkluderande, transparent og profesjonelt: Etske retningslinjer for museum i Noreg» publiserte i 2022. Dokumentet blir lagt til grunn i Bø museum sitt daglege arbeid.

## **Overordna målsetjingar og samfunnsoppdrag**

Bø museum forvaltar materielle kulturminne og immateriell kulturarv frå Midt Telemark og Telemark elles og har som hovudmål å ta vare på regional og lokal kulturarv. Arbeidet blir gjort i tråd med dei rammevilkåra museet har til rådvelde og i god dialog med løyvande styresmakter (kommune med fleire), politikarar, frivillige og publikum elles.

Bø museum har elles mål om:

- Samle inn, bevare og formidle kulturhistorie knytt til Bø for kommande generasjonar, og særleg på satsingsområde som har opphav i eksisterande samlingar som handel, folkemusikk, folkedrakt, og folkekunst.
- Bø museum søker å så langt det lèt seg gjera etterleva Icom's museumsetiske regelverk
- Tilby gode og attraktive faste og temporære utstillingar
- Auka talet på besøkande og leggja til rette for besøk til samlingar både digitalt og fysisk.
- Få mest mogleg av samlingane til museet på sikt digitalisert, fotografert og registrert digitalt.
- Ei godt vedlikehalde bygningsmasse med kontinuerleg oppfølging av bygningsvern og etterslep vedlikehald på bygningar og museum-område.
- Arbeide for betre bevaringsforhold for Bø museum sine samlingar
- Alle bygningar til Bø museum skal på sikt vere registrerte og godt dokumenterte
- Kunne halda fram med å tilby pedagogisk tilrettelegging og høve for skulebesøk
- Arbeid for auka eigeninntekter, i form av fast løyving og søknadsmidlar
- Auke medlemstalet ved Bø museum
- Gjera utvalde delar av samlingane tilgjengeleg gjennom utstillingar på nett
- Tilby aktivitetar som kurs og eller foredrag, og dessutan utleige av areal igjennom året
- Tilby god og oppdatert informasjon på nettsider og digitalt museum. Engelsk ved behov

-Ha museumsfaglege retningsliner for samlingsforvaltning og alt frivillig arbeid. Oppfølging av museumsfagleg kvalitet, framfor kvantitet er viktig

-Forskning og forskingsførebuande arbeid skal leggjast til rette for internt og eksternt

## Bygningsvern

Museet si bygningsmasse er stor og i dag består den samla bygningsmassen av 20 bygningar. Bygningsmassen består mellom anna av enkelte eksisterande bygg og bygg flytta til museumsområdet ved Oterholt, og i dag utgjer bygningane og området eit heilskapleg område godt eigna til formidling, lek og allmenn nytte for besøkjande.

Tilstanden til dei fleste bygningar er i dag god fordi det har vore arbeidd målretta med vedlikehald og bygningsvern igjennom fleire tiår, men bygningsmassen fører med seg ei rekkje økonomiske utfordringar og er ressurskrevjande. Likevel er museumsområdet omkring Åheim og Kvennøya eit svært godt område for museal drift og tek imot fleire tusen besøkande årleg.

Sjå meir om utførte og pågåande bygningsverntiltak under prosjekt.



Detalj frå Åheim landhandlar-museum og etablering av «Blå skilt» på enkelte kulturhistoriske bygningar i 2024.  
Foto: C. Authen

*Bø museum si bygningsmasse:*

«Åheim Landhandlar-museum og bustad», byggjeår 1898, oppført i Sveitserstil, verna jmf reguleringsplan.

«Låve/stall Åheim», byggjeår 1908, verna jmf. reguleringsplan.

«Åsestugo», Byggeår 1700 talet, verna jmf. reguleringsplan.

«Stove, Kvennøya», byggjeår 1850, verna jmf. reguleringsplan.

«Fjøs, Kvennøya», byggjeår 1900, verna jmf. reguleringsplan.

«Smie, Kvennøya», byggjeår 1850, verna jmf. reguleringsplan.

«Låve, Kvennøya», byggjeår 1850, verna jmf. reguleringsplan.

«Badstove» Kvennøya, byggjeår 1850, verna jmf. reguleringsplan.

«Bur frå Kaasa», Kvennøya, byggjeår 1844, verna jmf. reguleringsplan.

«Uthus», museumsområdet, Åheim, byggjeår 1940, verna jmf. reguleringsplan.

«Utstillingsbygg», museumsområdet, Oterholt, byggjeår 1998, ikkje vernet.

«Verkstadbygg» ovanfor Oterholtfossen, byggjeår 2004, ikkje verna

«Polen», museumsområdet, Oterholt, byggjeår 1910, verna jmf. reguleringsplan

«Polen uthus», museumsområdet, Oterholt, byggjeår 2004, ikkje verna.

«Badstove» Øvre Tveiten i Eikjabygda, ukjent byggjeår. Er vedteken utgreidd for eventuell avhending

«Østerli», Østliheia, Bø, fire bygningar kjøpt i 1978, opphavleg meint å utvida museumsformidling og museum. Bygningsmassen består av hovudhus, stabbur, låve og smie. Er vedteke avvikla 2024. Jmf. Søknad til fylkeskonservatoren i 1981, følgde også enkelte gjenstandar kjøpet av Østerli.



Frå bru og område Kvennøya, foto: C. Authen.

## Formidling



Juleverkstad og formidling i praksis ved julemessa 2024. 10. klasse elevar frå Bø ungdomsskole deltek i faget «Innsats for andre», i arbeid med juletrepynt og ansiktsmåling for barn og unge som er på besøk. Foto: C. Authen

Bø museum har vore ein viktig og aktiv møteplass for lokal og regional befolkning sidan 1977. Mykje av den samla målsetjinga til museet om formidling ligg nedfelt i dei overordna målsetjingane til museet, men formidling er ein prioritert og viktig del av museumsdrifta.


Eit av styrkane til museet har vore gode besøkstal (forholdsviss) og ulike arrangement gjennom året som formidlar museet, samlingane og kulturhistorie frå Bø. Særleg kan nemnast julemessa og utstillingane til museet om sommaren, men museet har også lagt til rette for å formidla utstillingane ved ønske om det heile året rundt, og dessutan å nytta utstillingsbygget til ulike arrangement som kan haldast der. Slik blir dei faste utstillingane stadig gjenstand for formidling og fornying.

Utstillingsarbeidet til museet vil rettast mot å utbetra (forsterka) eksisterande utstillingar eller etablere nye i «rullerande utstillingsområde», annakvart år eller årleg dersom ressursar tillèt dette, men primært vil kvalitet koma føre kvantitet knytt til utstillingsverksemda til museet.

Bø museum har eit årleg besøkstal på omkring 2500 fysisk besøkande. På digitale flater som DigitaltMuseum, er her formidla 15083 objekt pr. 01.01.2025. I 2024 hadde samlingane på

nettplattforma 59 312 besøk frå 20 292 brukarar, fordelt på land frå heile verda, men primært Noreg. 40 200 av visningane var knytt til fotosamlinga til museet.

Det blir elles arbeidd kontinuerleg med å formidla samlingane til museet på digitaltmuseum.no, gjennom historiske publikasjonar, ein årleg kalender og igangverande forskning knytt til samlingane. Arbeidet blir utført både i regi av Bø museum, i samarbeid med andre, og det vil bli satsa på å laga digitale utstillingar framover da det når mange av publikummarane til museet nasjonalt og internasjonalt.



Frå Bø museum sin statistikk på digitaltmuseum.no. Brukarar tel 59312 besøk i 2024, og er representert frå land over heile verda. Kilde: digitaltmuseum.no/Bø.museum

## Museet og målgrupper, ein møteplass for folk i Bø og heile Telemark sidan 1977

Bø Museum har som ambisjon å formidla til alle aldersgrupper av samfunnet. Det er særleg lagt vekt på at barn og yngre (skuleklassar) skal oppleva og nytta utstillingane og samlingane til museet. Museet har igjennom ei rekkje årlege aktivitetar elles vore ein aktiv møteplass sidan 1977, og både publikum, lag og foreiningar har faste arrangement i lokala til museet eller er deltakande i regi av museet.

Bø museum har i mange år hatt undervisningsopplegg for barn og unge knytt til Midt-Telemark kommune. Det gjeld ulike grupper (før-skulegrupper, barnehage og 6. trinn) der baking av brød i den gamle steinomnen på museet har stått sentralt. Ved slike formidlingsopplegg har omkring 175 barn fordelt over ein to vekers periode vore på besøk.

Det har også vore arrangert «lokal kulturarv» for 5. klassetrinn», der spikking og lokalhistorie (rollespel) har stått sentralt. Omkring 80 elevar fordelt på fire dagar har deltatt på slike arrangement.



Eit liknande opplegg «Energi for 6. klassetrinn» (tidlegare lokal kulturarv som frå 2024 heiter "Energi"), har vore konsentrert om ulike energiformer, og har inkludert omkring 90 elevar fordelt på fire dagar.

Museet har vore opptatt av at undervisningsopplegg skal vere praktisk retta, og dessutan at elevane skal delta aktivt. Opplegga «Lokal kulturarv» og «Energi» er tilbode skulane gjennom «Den kulturelle skolesekken».

Det har også vore arbeidsutveksling i valfag «Innsats for andre» 10. klassetrinn ved julemessa til museet, der elevane deltek i sjølve museumsformidlinga til barn og unge, og bruker læringsutbytte frå formidlinga i eiga undervisning.

Bø museum har elles teke imot elevar og studentar frå vidaregåande skular, universitet og andre som ønskjer å besøkje museet.

Gjennom året tilbyr også Bø museum temakveldar med besøk av ulike foredragshaldarar.

Bø museum har om lag 125 medlemmer. Medlemstalet er ganske stabilt og det er både medlemmer og ikkje-medlemmer som er frivillige ved museet. Sosialt samvær igjennom arrangement, musikk og anna sosial samhandling mellom publikum, fagkompetanse ved museet og frivillige utgjer levande immateriell kulturhistorie i stadig utvikling.



Unge ser på felesamlinga i museet si faste utstilling, og utøvar Torgeir Straand underheld publikum i regi av museumsarrangement. Foto: C. Authen

## Økonomi, faste og frivillige ressursar



Uvurderleg frivillig hjelp med både brødbaking og sal, er bare enkelte av museet sine aktivitetar gjennom året.  
Foto: C. Authen

Bø museum var tidlegare eit halvoffentleg museum, og var etter 2003 konsolidert som ein del av Telemark Museum. Etter at Bø museum gjekk ut av konsolidering med Telemark museum, forsvann diverre faste statlege ressursar frå 2016, men dei kommunale løyvingane følgde museet. På bakgrunn av dette har museet i hovudsak vore drifta med utgangspunkt i kommunale ressursar og ulike søknadsmidlar og har eit årleg driftsbudsjett på omkring 1.100.000 kr.

Museet sitt styre, leia av styreleiar, har økonomisk og formelt ansvar for forsvarleg drift av museet. Tilsett museumsstyrar/konservator i 50% stilling har fagleg ansvar for dagleg drift (vedtekter, Bø museum §1 og 4). I skrivande stund har Bø museum eit aktivt styre med solid kompetanse frå ulike fagretningar og dagleg leiar har konservatorkompetanse med autorisasjon frå Noregs museumsforbund.

Å arbeida for å auka rammevilkåra ved Bø museum er høgt prioritert av tilsett dagleg leiar i samarbeid med styret til museet. Utover økonomi, har fagleg museumsdrift svært mange krevjande og lovpålagde oppgåver. Bø museums daglege leiing prioriterer derfor å streva etter profesjonalitet i alle driftsoppgåver, sjølv med mindre ressursar.

Frivilligheit er viktig for museumsdrifta og er derfor prioritert følgt opp i den daglege leiinga. Museumsarbeid er ikkje berre arbeid som skal etterleva mange faglege krav og kvalitet, men det er viktig at frivillig engasjementet bringar glede og inspirasjon til den det gjeld, fast tilsette og publikum elles.

## **Pågåande og framtidige prosjekt**

*Vedlikehald av bygningsmasse er eit pågåande prosjekt. Gjennomførte prosjekt som kan nemnast er:*

I 2017 blei nytt tak vart lagt på administrasjonsbygning «Polen».

I 2021 blei nytt tak lagt på Åheim.

I 2022 blei ei større oppgradering av museumsområdet gjennomført, med nye leikeapparat og benkar.

I 2023 blei fleire energisparande og elektriske tiltak oppretta.

I perioden 2022 til 2024 blei den store museumsbygningen «Åheim» måla med linoljemåling.

I 2024 fekk museumsområdet nytt gjerde.

Tiltaka over hadde åleine ei totalkostnadsramme på omkring 2.650.000 kroner.

### *Digitalisering av filmsamling etter Gunhild og Birger Kinck*

Filmsamlinga på omkring 1000 nummer skal i 2025 registrerast og sendast til Nasjonalbiblioteket for deponering og digitalisering. Samlinga skal etter planen sendast i retur digitalt, og vera gjenstand for bevaring og formidling i framtida.

### *Utbetring av magasinløysingar for Bø museum sine samlingar*

Prosjektet er ein viktig og høgt prioritert oppgåve som må arbeidast målretta med framover. Det har i ulike fasar vore sett av midlar til utgreiing av nytt magasinbygg og andre bevaringsløysingar, men museet må ta opp igjen dette viktige arbeidet da dagens bevaringssituasjon ikkje er tilstrekkeleg. Under dette primært omsyn til plass og tilgjengelegheit for tilsette og publikum, men også betre bevaring av samlingane er viktig i denne samanhengen. I tillegg er dagens forvaltning i stor grad spreidd og til dels fysisk plassert eit stykke unna museumsområdet, noko som er ei krevjande løysing med tanke på logistikk.

Auka satsing på bevaring er nødvendig, men krev også auka investeringar og med det vil derfor økonomisk løyving vera sentralt for å kunna halde fram dette viktige arbeidet og forvaltningsområdet.

### *Avklaring og framtid for Lien Oksestasjon*

Lien Oksestasjon blei etablert som oksestasjon tidleg på 1900 talet. Landslaget for telemarksfe kjøpte garden Lien i 1956 og sædstasjon blei flytta hit frå småbruket Flita. Oksestasjonen fekk likevel kort produksjonstid, og vart lagt ned i 1964. I nærare 25 år stod oksestasjonen Lien lukka og låst, og etter kvart samarbeidde Bø museum og Landslaget for telemarksfe om formidling på stasjonen.

I 1997 trekte LFT seg frå samarbeid med Bø museum og etter dette har gjenstandane vore oppbevarte utan noko større konkret eller mogleg formidling. Bø museum har leigd delar av oksestasjonen.

Bø museum vart konsolidert med Telemark Museum tidleg på 2000 talet, og fekk i 2008 tilbod av Landslaget for Telemarksfe om å overta samlinga for ei krone. Det takka museet nei til den gongen, da dei såg det vanskeleg å forsvare forvaltningsansvaret for gjenstandane, og dessutan at formidlinga var problematisk på Lien. Den gongen skulle elles spissing av folkemusikk og hardingfela stå sentralt for strategien til museet.

I dag leiger Bø museum ein overetasje på Lien (loft over den tidlegare oksestasjonen), og har avgrensa høve til å formidla, arbeida med, eller forvalta gjenstandane her eller på andre stader på ein tilstrekkeleg måte. Likevel må historikk, anna tilgjengelegheit av slike samlingar og dagens forvaltningssituasjon evaluerast. Konkret må derfor langsiktig forvaltning og formidling, eventuell avvikling eller sikring av gjenstandar og kulturhistorie knytt til samlinga bli avklart og planlagd i lys av økonomi og profesjonell handtering av samlingane ved oksestasjonen.



Foto frå Lien oksestasjonen i dag. Foto: C. Authen

### *Avvikling Østerli*

Avvikling av den tidlegare formidlingsstaden «Østerli» som ligg i Østliheia, Bø. Det er knytt ei rekkje utfordringar til staden, mellom anna moglegheit til formidling i form av manglande moglegheiter for parkering, utgifter med meir. Avvikling er vedtatt av styret i 2024 og arbeidet med avvikling blir vidareført i 2025.

## De kulturhistoriske samlingane ved Bø museum



Folkedrakt og folkemusikk representert i dei faste utstillingane. Foto: C. Authen

Icom, spectrum prosedyrar og andre relevante lovverk som opphavsretten, personvernlova med meir er rettleiande for arbeid med all samlingsforvaltning Bø museum utfører. Museet har store samlingar og enkelte gjenstandar som krev særleg varsam handtering og krevjande bevaring. Her kan mellom anna nemnast stokebåt frå 900 talet, ei stor fotosamling på omkring 50 000 fysiske fotografi og Noregs største samling hardingfele (omkring 50 instrument) som krev stor grad av krav til korrekt klima, som temperatur og luftfukt.

Museet bevarer samtidig ei rekkje større landbruksreiskapar og køyretøy, som ikkje berre krev bevaringsomsyn, men som også er kostnadskrevjande av omsyn til avgrensa fysiske bevaringsmoglegheiter for slike gjenstandar.

### *Gjenstandssamlingane*

Per 01.01.25 har Bø museum 9021 registrerte gjenstandar, og 2276 av desse er publisert og formidla på digitaltmuseum.no. Derfor vil det vera nærliggjande å rekna med at det anslagsvis vil finnast omkring 10000 gjenstandar i Bø museum sine samlingar. Dei første registreringane er frå 1975, og utgjer omkring 500 gjenstandar (primært Borgja-samlinga), og det har vore stor registreringsaktivitet gjennom åra også etter etablering av det digitale registreringsverktøyet Primus tidleg på 2000 talet. Dei siste tre åra har berre eit titals objekt

blitt registrerte på grunn av manglande faste ressursar. Derfor vil særleg innsats knytt til nyregistrering og revidering av den registrerte gjenstandssamlinga til museet bli prioritert i åra som kjem.

Bø museum disponerer i dag primært to magasin. Eit gjenstands- og bokmagasin som ligg på museumsområdet og eit gjenstandsmagasin og arkiv i Bø sentrum. Begge magasinane har grunnleggjande tryggleik varetatt, men betre klimaregulering og bevaringsforhold knytt til eksisterande magasinløyningar er ei prioritert oppgåve det blir arbeidd kontinuerleg med ved Bø museum.

Gjenstandssamlinga til museet blir fortløpande registrert med årstal som samlingsidentifikator:

BØB.2024:xxxx

### *Fotosamlingane*

Fotosamlingane til Bø museum utgjer omkring 50 000 fysiske fotografi, og omkring 70 000 digitaliseringar. Det er mellom anna eit stort etterslep på ordning og registrering av digitalisert materiale, men pr. 01.01.2025 har museet registrert fleire enn 13000 nummer i Primus. Om lag 12700 fotografi er publiserte digitalt på digitaltmuseum.no.

Det har særleg blitt lagt ein stor innsats i registrering av fotografi dei siste åra, noko som er eit svært godt resultat knytt til dei seinare års ressursar ved museet.

Fotosamlinga til museet blir fortløpande registrert med årstal som samlingsidentifikator:

BØBF.2024:xxxx

### *Privatarkiv*

Lokalhistoriske arkiv tidlegare under Bø kommune, og andre privatarkiv i samlingar ved Bø museum, utgjer eit stort analogt arkiv. Det er etterslep på registrering og ordning av dei mange arkiva til museet, men mange er registrerte og det blir arbeidd kontinuerleg med arkiva, omemballering og andre bevaringsomsyn knytt til dei.

Om lag 250 ulike arkiv er publiserte i ei oversikt over via lokalhistoriewiki.no. Dette har vore ein formålstenleg måte å registrera overordna kva arkiv Bø museum forvaltar. Likevel vil det vera fornuftig å undersøkje moglegheita for registrering av privatarkivet til museet framover i programvara Asta, noko som også vil bidra til auka formidling av arkiva, men dette er først og fremst eit ressurs spørsmål som heng saman med auka løyvingar av midlar og fast tilsette ressursar.

Privatarkivet til museet blir registrert fortløpande med opphav, det vil seia museum-samling eller Midt-Telemark lokalhistorisk arkiv som samlingsidentifikator:

BØ-XXXX

### *Bø museum si fagboksamling*


Museets lokalhistoriske fagboksamling utgjør omkring 10200 bøker. Bøker ved Bø museum er ikke til utlån for publikum, men kan nyttast av publikum ved administrasjonsbygget til museet. Bø museum nyttar registreringssystemet Tidemann til registrering av fagboksamlingane, og databasen ligg også tilgjengeleg under nettsida [www.bomuseum.no](http://www.bomuseum.no) slik at publikum kan gjera søk her.

Fagboksamlinga til museet blir fortløpande registrert med årstal som samlingsidentifikator:

BØBB.2024.xxxx

### *Filmsamlingar*

Bø museum bevarer ei større filmsamling etter Gunhild og Birger Kinck som tel omkring 1000 nummer og som i 2025 skal registrerast og sendast til Nasjonalbiblioteket for deponering og digitalisering. Likevel har mange filmar frå samlinga førebels blitt digitaliserte og er formidla under nettsida til museet, der det ligg 30 filmar. Filmsamlinga til museet skal elles formidlast via [digitaltmuseum.no](http://digitaltmuseum.no) der det også finst fleire filmar.




Fotografi frå samlingane ved Bø museum. Foto: ukjent.

## Samlingsutvikling og innsamling

Tidlegare satsing og eldre og nyare innsamling ved Bø museum sine samlingar har særleg vore retta mot skulehistorie, folkedrakt, folkekunst og folkemusikk. Også landbrukshistorie har vore prioritert innsamla og samlingane til Bø museum i dag ber preg av desse innsamlingsområda. Utover dette har også anna kulturhistorisk relevant materiale som kan knytast til Telemark og særleg Midt Telemark si historie, vore samla breitt inn, og det vil vere ein ambisjon om å føre vidare innsamlingsstrategien framover.

### *Om aktiv og passiv innsamling*

Bø museum har hatt og vil framleis føra passiv og aktiv innsamling knytt til samlingane sine. Likevel er det i praksis passiv innsamling som er mest aktuell, ved at innspel og tilbod om inntak til samlingane våre frå publikum blir fortløpande behandla. Samtidig følgjer museet med på viktige samlingar eller kulturhistoriske hendingar som skjer, og kan særleg knytt til spesielle tema, prosjekt eller formidlingsverksemd, aktivt gå ut å etterspørja bidrag til samlingane.



Halskvarde, bunadsvantar og kalosjer i utstilling, foto: C. Authen.

### *Rutinar knytt til innsamling, avhending og inntaksarbeid*

Bø museum praktiserer inntakskomit  ved behandling av inntak til samlingane. Inntakskomit  består av styreleiar, gjenstandsansvarleg og dagleg leiar.

Kriterium ved behandling av mottak til samlingane blir bed mde i hovudsak slik:

Vedtak: Gjenstandane har stor kulturhistorisk verdi knytt til Bø museum og samlinga til museet av kulturhistorie frå Bø og blir tatt inn i samlingane.

Vedtak: Gjenstandane har liten kulturhistorisk verdi knytt til Bø museum og samlinga til museet av kulturhistorie frå Bø og blir ikkje tatt inn i samlingane.

For sistnemnde vedtak blir særleg lagt vekt p  følgjande kriterium:



-Objekt og materiale som ikkje har tilknytning til regionale nærområde eller satsingsområda til museet

-Unngå for mange dubletter

-Objekt der Bø museum ikkje kan tilby tilfredsstillande lagringsforhold

All behandling om inntak og eventuelt mottak til samlingane blir ført digitalt, og mottaksskjema som tilfredsstillande juridisk dokument, blir signert både av givar og dagleg leiar/styreleiar ved museet.

Avhending skjer sjeldan, men kan vedtakast dersom objektet eksempelvis er forvitra, øydelagt eller i ein slik stand at det er lite formålstenleg å behalda det i samlingane. Elles går eventuell avhending føre seg i tråd med museumsetiske regelverk, blir ført i Primus (dersom objekt er registrert eller i eldre register protokoll) og i eigen avhendingsprotokoll.



Frå Jønnebu Fjellkyrkje og turfølgje på ski, fotografert på 1970 talet. Eksempel på fotografi som blir bevart både fysisk og digitalt. Foto, ukjent, Bø museum.

## **Fysisk og digital bevaring, preventiv konservering og realistisk framdrift knytt til Bø museum si samlingsforvaltning**

Som omtalt tidlegare i planen bevarer Bø museum enkelte gjenstandar og samlingar som krev særleg bevaringsomsyn og tiltak. I 2024 vart uttak av boreprøver av stokkebåt funne i Bø elva ved Bakås, Midt-Telemark kommune, sendt til dendrokronologisk undersøking. Rapporten vart utarbeidd av NTNU i 2024, og viser at stokkebåten truleg kan daterast frå perioden AD 910-930. Denne og andre særlege sårbare gjenstandar og arkivsamlingar krev kontinuerlege evalueringar knytt til formidling, dokumentasjon, forskning, og ikkje minst bevaring. Tilstrekkeleg med plass til bevaring av gjenstandane og samlingane til museet er derfor noko det blir prioritert skal arbeidast med for å finna betre løysingar for, både på kort og lang sikt, og i arbeid med samlingane blir preventiv konservering lagd til grunn så langt dette lèt seg gjera.

Gjenstandar og fotografi i utstillingar har klimaregulering, og er skjerma for dagslys og unødvendig lyseksposering. I overgangen 2024/2025 er IT drift, digital bevaring av samlingar og administrative dokument, lagt til profesjonell løysing for drift av infrastrukturen.

Juridiske omsyn og etikk blir sett i fokus ved Bø museums samlingsforvaltning, og det er behov for å rydda i enkelte tidlegare deponeringar og gåver til samlingane. Kontraktar, mottaksskjema og liknande juridiske/administrative dokument blir profesjonaliserte og følgde opp fortløpande i den daglege leiinga i museet. Både sporadiske tidlegare gåver og deponeringar kan ved behov takast tak i samtidig som korrekte juridiske omsyn er ivaretatt og blir tatt i bruk for framtidige inntak til samlingane til museet.

Det er også ei rekkje omsyn som blir tatt knytt til faste og frivillige ressursar i arbeid med museet samlingar, og det er ved Bø museum ønskjeleg og nødvendig med høg grad av frivilligheit knytt til delar av arbeid med samlingsforvaltninga til museet. Det er derfor den daglege leiinga i museet som sørgjer for å følgja opp og leggja til rette for at frivillig arbeid med samlingsforvaltning (inkludert bygningsvern/vedlikehaldstiltak) blir utført etter gjeldande rutinar og museumsfaglege standardar. Ved behov blir spisskompetanse henta frå eige styre eller anna fagstyresmakt.

### **Tilgang til og formidling av samlingane**

Publikum har tilgang til Bø museum sine samlingar gjennom fysiske besøk og digitalt igjennom digitaltmuseum.no. Elles kan og skal så langt det lèt seg gjera, det materiale som er ordna, registrert og magasinert bli henta fram til publikum ved behov og på førespurnad.

Samlingar som er svært lite tilgjengeleg, eller uordna kan i særlege tilfelle ikkje formidlast til publikum, men det er ambisjonen til museet på sikt å få tilrettelagt formidlingsmoglegheit for alle samlingane til museet.

## **Forskning og eventuelt forskingsførebuande arbeid og formidling**

Bø museum har gjennom mange år vore aktiv bidragsytar til forskning og forskingsformidling av samlingane. Kunnskap og samlingar har vore formidla igjennom fleire svært omfangsrrike publikasjonar, igjennom studentarbeid og anna forskning som master, doktorgrader og liknande.

Frå og med haust 2024 har tilsett dagleg leiar forskarkompetanse og det vil vera ein ambisjon parallelt med anna arbeid, å prøve å bidra aktivt til forskingsbasert formidling av samlingane til museet og tilknytt kulturhistorie, både internt og eksternt.

Frivillige og tilknytte ved Bø museum har også igjennom mange år bidrege til ulik grad av forskning og forskingsaktivitet, og mellom anna blir ei rekkje gode publikasjonar tilbodne for sal ved museet.



Bokpublikasjonar til sals ved Bø museum og barn fotografert i samband med formidling. Foto: C. Authen

*Litteratur og kjelder:*

Bø museum sine vedtekter

[www.bomuseum.no](http://www.bomuseum.no)

[www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no)

[www.handbok.samlingsforvaltning.ekultur.org](http://www.handbok.samlingsforvaltning.ekultur.org)

[www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

[www.kulturit.org](http://www.kulturit.org)

[www.museumsforbundet.no](http://www.museumsforbundet.no)

[www.norskicom.no](http://www.norskicom.no)

[www.samlingsnett.no](http://www.samlingsnett.no)

Planverk er utarbeidd av Cecilie Authen, dagleg leiar, konservator NMF ved Bø museum, med utgangspunkt i tidlegare strategiplan, historiske kjelder samt gode innspel frå frivillige og Bø museum sitt styre.



Velkomen til Bø museum! Detalj frå Åsestugo, foto: C. Authen.